

Fakta

- Flere av reglene i opplæringsloven gjelder også for skoler godkjent etter privatskoleloven, enten ved at privatskoleloven viser til regler i opplæringsloven eller ved at privatskoleloven har regler med tilsvarende ordlyd som i opplæringsloven. Forskriftsreglene til privatskoleloven er derfor også gjennomgått av Utdanningsdirektoratet og sendes på høring. Det skal sikre at like situasjoner reguleres likt i offentlige og private skoler.

Ny opplæringslov 2024

Siri Denstad Langlo, Utdanningsforbundet Trøndelag

Kapittel 2 leksehjelp

I dag:

§ 7-1e. *Plikt for skolen til å ha tilbod om leksehjelp*

Skolen skal ha eit tilbod om leksehjelp i grunnskolen.

Tilbodet skal vere gratis for elevane. Elevane skal ha rett til å delta på leksehjelptilbodet, men det skal vere frivillig om dei ønskjer å delta.

Forslag:

§ 2-1 *Tilbod om leksehjelp*

Skolen skal ha eit tilbod om leksehjelp på minst åtte timar kvar veke. Skolen fordeler timane fritt på alle trinna i grunnskolen. Skolar som ikkje tilbyr alle trinn i grunnskolen, kan redusere timetalet etter kor mange trinn dei tilbyr.

Kapittel 4 Inntak til videregående opplæring

§ 4-5 Skolar som kan ta inn vaksne søkjarar utan rett til vidaregåande opplæring

Skolar som er godkjende for å drive særskilt tilrettelagd opplæring for funksjonshemma, kan ta inn vaksne søkjarar utan rett til vidaregåande opplæring.

I tillegg kan desse skolane ta inn vaksne søkjarar utan rett til vidaregåande opplæring:

- a) Aglo vidaregåande skole med opp til 43 elevar
- b) Bybroen vidaregåande skole AS med opp til 95 elevar
- c) Foreningen Danielsen Intensivgymnas med opp til 186 elevar
- d) Foreningen Danielsen Videregående Skole med opp til 19 elevar
- e) Gjennestad vidaregåande skole med opp til 58 elevar
- f) Haugesund Toppidrettsgymnas AS med opp til 27 elevar
- g) Hjerleid Handverksskole AS med opp til 105 elevar
- h) Kristen vidaregåande skole Nordland med opp til 40 elevar
- i) Kristen vidaregåande skole Trøndelag med opp til 21 elevar
- j) Lukas vidaregåande skole AS med opp til 74 elevar
- k) Møbelsnekkerskolen AS med opp til 30 elevar
- l) Natur vidaregåande skole med opp til 89 elevar
- m) Nordborg skoler AS med opp til 13 elevar
- n) Norsk Restaurantskole med opp til 20 elevar
- o) Plus-skolen AS med opp til 108 elevar
- p) Tomb vidaregåande skole med opp til 21 elevar
- q) Tveit vidaregåande skule med opp til 3 elevar
- r) Tyrifjord vidaregåande skole med opp til 13 elevar
- s) Val skolar AS med opp til 9 elevar
- t) Vinterlandbruksskolen på Jæren med opp til 21 elevar
- u) Vinterlandbruksskolen i Ryfylke med opp til 17 elevar
- v) Wang AS med opp til 45 elevar
- w) Øya vidaregåande skole med opp til 7 elevar.

Vaksne søkjarar med rett til vidaregåande opplæring skal prioriterast føre vaksne søkjarar utan rett.

Kapittel 5 krav til læreplanene

§ 5-1 Generelle krav til læreplanane

Alle læreplanane som blir godkjende etter privatskolelova § 2-3 første ledd, må oppfylle krava i denne paragrafen. Læreplanane må vere jamgode med læreplanane i læreplanverket for Kunnskapsløftet.

Læreplanen for skolen skal omfatte

- a) overordna del eller annan tilsvarande plan
- b) læreplanar for fag, med omtale av dei same delane som læreplanane etter Kunnskapsløftet
- c) fag- og timefordeling
- d) ein omtale av kva slag vurderingsordningar og dokumentasjon skolen skal bruke.

Læreplanane for dei vidaregåande skolane må til vanleg vere i samsvar med den tilbodsstrukturen som er fastsett for den offentlege vidaregåande skolen.

Ved internasjonale skolar gjeld andre og tredje ledd så langt dei passar, jf. § 5-4.

§ 5-2 Skolar som er godkjende på grunnlag av livssyn

Skolar som er godkjende på grunnlag av livssyn, jf. privatskolelova § 2-1 andre ledd bokstav a, må synleggjere verdigrunnlaget sitt i læreplanen for skolen, både i overordna del og i læreplanane i relevante fag.

I forhold til fag- og timefordelinga i Læreplanverket for Kunnskapsløftet kan det godkjennast at desse skolane flyttar timar mellom fag for å styrkje fag som er særleg viktige for livssynsgrunnlaget.

§ 5-3 Skolar som er godkjende på grunnlag av ei anerkjend pedagogisk retning

Skolar som er godkjende på grunnlag av ei anerkjend pedagogisk retning, jf. privatskolelova § 2-1 andre ledd bokstav b, må synleggjere den anerkjende pedagogiske retninga i læreplanen for skolen.

Det kan godkjennast at desse skolane flyttar timar mellom fag for å styrkje fag som er særleg viktige for den anerkjende pedagogiske retninga. Det kan også godkjennast å flytte

kompetansemål frå eitt trinn til eit anna dersom dette er vesentleg for at skolane skal kunne vareta den pedagogiske eigenarten sin.

Kapittel 6 Individuell vurdering

§ 6-6 *Samtale om utvikling*

Elevar har rett til minst éin samtale i halvåret om den faglege utviklinga si. Samtalen kan gjennomførast i samband med samtalen med foreldra etter § 8-1.

Elevar har dessutan rett til jamleg dialog med kontaktlærer om korleis dei utviklar seg sosialt og på andre måtar. Dialogen skal sjåast i samanheng med privatskolelova § 1-1 og Overordna del – verdier og prinsipp for grunnopplæringa eller annan jamgod læreplan, jf. privatskolelova § 2-3.

§ 6-9 *System for føring av karakterar og fråvær*

Skolen skal ha eit system for føring av karakterar og fråvær.

Fråvær, halvårsvurdering med karakterar og sluttvurdering med karakter skal førast inn i det systemet som skolen bruker. Dette gjeld både karakterar i fag og karakterar i orden og i oppførsel. Karakterane er fastsette når dei er førte inn.

Skolen skal rette og attestere føringsfeil.

Elevar som er fritatt for opplæringsplikt etter opplæringslova § 2-2 tredje ledd, jf. privatskolelova § 3-3, skal framleis stå oppførte i systemet for føring av karakterar.

Skolen skal dokumentere fråvær kvart halvår.

Kapittel 9 Tilleggskompetanse

Kapittel 9 Tilleggskompetanse (privatskolelova § 4-2)

§ 9-1 Spesialkompetanse i skolar som er godkjende for å drive på grunnlag av ei anerkjend pedagogisk retning

I skolar som er godkjende til å drive på grunnlag av ei anerkjend pedagogisk retning, skal minst halvparten av dei som er tilsett i lærarstilling, ha spesialkompetanse til å gjennomføre den anerkjende pedagogiske retninga.

Som spesialkompetanse reknar ein høgare utdanning innanfor den anerkjende pedagogiske retninga med eit omfang på minst 60 studiepoeng. Departementet kan godkjenne anna utdanning av minst eitt års omfang som spesialkompetanse. Spesialkompetansen må vere relevant for undervisning i den aktuelle skolen.

§ 9-2 Spisskompetanse i skolar som er godkjende for å drive særskilt tilrettelagd vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett

I skolar som er godkjende for å drive særskilt tilrettelagd vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett, skal dei som er tilsett i lærarstilling, ha spisskompetanse i dei idrettane skolen er godkjend for å tilby. Kravet gjeld berre for dei som skal undervise i dei aktuelle idrettane.



post@utdanningsforbundet.no

24 14 20 00

www.utdanningsforbundet.no